
Vår referanse 2020/71713-2
Dato 14.10.2020

Eskild Winther Pedersen
Elvenesvegen 16 B
5223 Nesttun

Avslag - Dispensasjon frå byggegrense - Fv 546 - Gnr 95 bnr 53 - Bergen kommune

Vi viser til søknad av 16.09.2020.

Vedtak

Med heimel i veglova [§29](#) gir vi avslag på søknad om dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 546 for å etablere tilbygg samt omfattande renovasjon på gnr. 95 bnr. 53 i Bergen kommune.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrenser skal ta omsyn til trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet langs vegen.

Vi har vurdert søknaden og kome fram til at vi ikkje kan gi dispensasjon.

Eigedomen ligg søraust for fv. 546 Krokeidevegen som er forkøyrsvog. Fartsgrensa på staden er 40 km/t, og årstdøgertrafikk (ÅDT) er 4323. Vegstrekninga er klassifisert til haldningsklasse «streng» jf. *2017 - 2020 Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest.*

Tiltaket inneber mellom anna omfattande renovasjon av eksisterande bygg som har ei avstand på 5 meter frå vegmidte. Vi vurderer dette som *vesentleg oppatnying* jfm. veglova § 35, og at dette kun må gjennomførast i samsvar med §§ 29, 30, 32 og 33.

Tiltaket omfattar også tilbygg med ny takkonstruksjon og altan. Jamvel om dette ikkje ligg nærare vegmidte enn ytterpunktet av tiltaket, medfører tiltaket ei verdiauke som vil bli meir kostbar å innløyse ved ei ev. utviding av vegen.

Ettersom tiltaket ikkje ivaretek arealbehovet ved ei eventuell utviding av vegen kan vi ikkje gi dispensasjon frå byggegrensa som omsøkt. Dersom det skal utførast tiltak på eigedomen legg vi til grunn ei byggegrense på 15 meter frå vegmidte.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Silje Svanevik-Røren
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift